



Siren Simonnes (i midten)representerte her sin gamle arbeidsgjevar då dei i 2013 inngjekk sponsoravtale med Festidalen.

Tysnes Sparebank opnar det nye Kvinnherad-kontoret sitt om kort tid, og då er det Siren Simonnes som skal leia kontoret. Siren som er oppvaksen på Halsnøy, har budd i Uskedalen det siste tiåret. Ho har bankbakgunnen sin frå DNB, først på Husnes, og etter avdelinga vart nedlagt der, har ho arbeidd ved DNBSjord..

Eableringa av Kvinnhradskontoret til Tysnes Sparebank er blitt svært godt motteke her i kommunen, og alt før kontoret er opna, har dei fått ei god tilstrøyming av nye kundar. Det gjeld både privatkundar og bedriftskundar. I tillegg til Kvinnherad skal og det nye kontoret dekkja Hardanger-regionen. I tillegg til kontorsjefen vert det også tilsett ein finansrådgjevar.

Siren Simonnes har vore aktiv i lagslivet i Uskedalen. Særleg har ho markert seg i FAU og i idrettslaget der ho fleire år har site i hovudstyret.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen



Siren Simennes vart handplukka til jobben i Kvinnherad (Foto: Kvinnheringen)